



Pinsemenigheten Zoar Nappane

Titlandsvegen 359

5912 SEIM

Referanser:

Dykker:

Vår: 15/2703 - 15/24236

Saksbehandlar:

Tor Hegle

Tor.Hegle@lindas.kommune.no

Dato:


02.07.2015

Førespurnad om bruk av utsleppsanlegg - Gbnr 129/33 Titland

Eg viser til tidlegare korrespondanse om undersøkingar knytt til forureining på Gbnr 129/9.

Vedlagt følgjer analyseresultat frå vatnprøvar som er tatt ved bekk på gbnr 129/9 og Gbnr 129/4.

Prøvestadene er vist på kartet nedanfor. Prøvene viser høge verdiar av ecoli-bakteriar på 2 stader, medan det den tredje staden, på oppstrøms side er det ikkje målt ecolie-bakteriar.



Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Om utslepp på Gbnr 129/33

Vedlagt følgjer kopi av søknad om utslepp for hytte/fritidsbustad på Gbnr 129/33, datert 18.12.2002.

Her er utsleppet tenkt tilknytt «eksisterande» slamavskiljar/septiktank på 12m³ på Gbnr 129/9.

Vi har søkt i arkivet etter dokument som viser utsleppsløyve, men ikke funne dette.

Dersom De skulle ha liggande et løyve, er eg takknemleg å få tilsendt dette.

Om utsleppsanlegg på Gbnr 129/6.

Eg viser til brev frå Pinsemenigheten Zoar Naoane v/Valdersnes mottatt 20.01.14, der det er opplyst at anlegget er bygd med ein slamkum med 3-kammer på 7,5m³. Utsleppet etter slamskillar er ført i sandfiltergrøft på Gbnr 129/9.

Når det gjeld bruksfrekvens er det opplyst ulike toppar 2-3 personer og 8-10 personar avhengig ulik bruk.

Vedlagt følgjer kopi av utsleppsløyve for Gbnr 129/6 av 12.11.1975.

Vi har ikke funne situasjonskart som er knytt til søknaden. Det nærmaste vi kjem er eit situasjonskart av 13.06.1966., der kloakleidning er vist. Denne er knytt til løyve til bygging av frirrtståande sovebrakke med 8 soverom (13.06.1966). Etter dette er kjellar utvida i 1969 og nytt tilbygg/spisesal 1974 (der det samtidig vart gitt dispensasjon frå byggegrense mot veg). Krav til slamkum er sett til 7,0m³.

Krav til kapasiteten og reinsing er sett ut frå dei reinsekrav som gjaldt i 1975.

Om fellesanlegg et på Gbnr 129/6.

Det kan sjå ut som at anlegget på Gbnr 129/6 er tenkt å femne «ferieheimen» og fritidsbustaden på Gbnr 129/33.

Det er eigar av anlegget som er ansvarleg for at utsleppsanlegget har tilstrekkeleg kapasitet og gir tilstrekkeleg reinsing. Når det gjeld utrekning av personekvivalentar, må ein halde seg til støtbelastninga som er høgast, ved maks bruk, og at anlegget er dimensjonert for dette.

Eg ber om tilbakemelding på om Gbnr 129/33 er knytt til utsleppsanlegget for Gbnr 129/6, eller om det er etablert eiga avløpsløsing eventuelt kva tyrpe dette er. Eg ber som svar innan 31.07.2015.

Med helsing

Tor Hegle
avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Gbnr 129 009_analyse_22 apr 2015

Gbnr 129 006_Situasjonsplan_13 jun 1966

Gbnr 129 006_Utsleppsløyve_12 nov 1975

Gbnr 129 033_søkknad om utslepp_09 jan 2003

Kopi til:

Mottakarar:

Pinsemenigheten Zoar Nappane

Titlandsvegen 359 5912

SEIM